



72 år gamle Kåre Siglar Rød i Uskedalen har vore på 14 dagars draumetur med Noregs største skuleskip Statsraad Lehmkuhl frå Bergen til Tenerife. Den tremasta stålbarken har ein spesiell plass i hjarta til sjølken frå Beinavikjo fordi han mønstra på Statsraaden då han var 15 år gamal. Då gjekk turen til Kirkenes.



Kåre i arbeid på hamna i Uskedalen

Sidan har Kåre vore innom ymse yrke - sist som høgspenningmontør . Men vi kallar han Siglar sjølv om han har vore profesjonell sjømann i berre 5 år. I båthamna ligg eit prov på at han fortentar merkjelappen, for han eig catchen Storm som han no har jobba på i 25 år. Og han kan ikkje garantera at han nokon gong vert ferdig med han.



- Dette med sigling og livet på sjøen må vera medfødt, seier Kåre, som slett ikkje berre var passiv passasjer på Statsraaden no heller. Han gjekk inn i ei vaktordning som var delt i styring av skipet, utkikk og brannvakt.
- Men korleis kom du deg med på turen?
- Eg høyrde i radio 2. januar at dei trengte meir mannskap- dei hadde behov for 40 men hadde berre 8. En melde meg på omgåande og den 7. januar sigla vi frå Bergen. Det vart ein tur som må få toppkarakter frå eitkvart synspunkt, Men det var ein skilnad samanlikna med turen i 1956 - denne gongen slapp eg å klatra i riggen! Eg oppdaga med andre ord at alderen har sin pris.

Det var mange land representert ombord. Og eg var desidert eldst. Skipet sigla til Tenerife også i fjor av same grunn som no: Dei treng å gjennomføra eit vedlikehaldstiltak på dekket og det kan berre skje når temperaturen er lagleg.

- Var det mykje vind og sjø undervegs?
- Jau, vi var vel oppe i 50 knop og ei bylgjehøgde på 7 meter. To segl av dei 18 på skipet vart spjæra, men eg såg ingen som mata krabbane. Ved eitt høve gjekk sjøen over poppen som er bakenden på skipet. Den 17. januar feira vi forresten hundreårsdagen til Statsraaden, som vart bygd som skuleskip for den tyske handelsflåten.

Kåre kom naturleg nok heim med fly og kunne konstatera at heile reisepakka ikkje var dyrare enn 10 000 kroner. - Og no er du klår for ei ny økt som hamnevert i Uskedalen? - Det tvilar eg på. Jobben kan vanskeleg kombinerast med sommarplanen min, som i stor grad inneheld Shetland, Der har eg vore minst 30 gongar!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og privat